

**KONTROLLUTVALET I  
SYKKYLVEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 16. mai 2014, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

**= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef rådmann i Arild Bergstrøm.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart innmeldt ei sak under eventuelt.

**SAK 19/14**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 29. APRIL 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 29. april 2014 blir godkjent.

**SAK 20/14**

**ÅRSMELDING 2013 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.05.2014

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Sykkylven kommune til orientering.

**SAK 21/14**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.05.2014

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent
2. Kontrollutvalet er sterkt bekymra over den økonomiske utviklinga der det akkumulerte underskotet no har kome opp i 43,4 mill. kroner.
3. I tillegg vil kontrollutvalet presisere at udekka premieavvik på pensjonar utgjer 35,5 mill. kroner.

**SAK 22/14**

**OM KLAGE PÅ KOMMUNALE TENESTER, B-SAK**

(Saka kom opp under eventuelt)

Det blir vist til mottekne dokument.

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering om hans habilitet gjorde kontrollutvalet samrøystes vedtak om at han var inhabil.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det blir teke sikte på å få lagt fram ei saksutgreiing til neste møte.

Odd Jostein Drotninghaug  
leiar  
(sign.)

Sigmund Valbø  
nestleiar  
(sign.)

Grethe Melseth  
medlem  
(sign.)

Ole Bjørn Roald  
medlem  
(sign.)

Anita Søvik  
medlem  
(sign.)